



## Presseinvitasjon

# Slik skal Vestland markere landslovjubileet

25.01.2024

**Landslova vart laga i Bergen, og i år feirar vi at det er 750 år sidan denne viktige lova for den tidlege statsdanninga i Noreg vart til. Måndag 29. januar kl. 10.00 inviterer vi pressa på historisk grunn til Håkonshallen, der lova til Magnus Lagabøte faktisk vart laga.**

På pressemøtet vil representantar for partnarane i jubileet presentere sin del av jubileumsprogrammet, i tillegg til at nokre enkeltarrangement blir presentert med ansvarleg arrangør.

### **Den tredje riksdekkande lova i Europa**

I mellomalderen var det slett ikkje vanleg å ha landsdekkande lover og Landslova, som kong Magnus Lagabøte kan ta mykje av æra av, var ei av totalt fire riksdekkande lovboeker frå høg- og seinmellomalderen. Den var ferdig i 1274 og bidrog til å regulere forhold det var mykje usemje om og gje grupper som ikkje stod så sterkt i samfunnet betre rettsvern.

### **Bergen var Skandinavias største by og Noreg sitt viktigaste rikssete**

Som einaste stad i Noreg har Bergen fleire kulturminne direkte knytt til Magnus Lagabøte og kongsssetet hans: Håkonshallen var kongens representasjonsbygg og antakeleg staden der lova først vart nedteikna, og Rosenkrantzårnet var bustaden til kong Magnus. I vår noverande Domkyrkje, som den gongen var Olavskyrkja til fransiskanarane, fekk Magnus undervisning, og her vart han gravlagd. Nonneseter kloster fekk ei stor pengegåve frå kong Magnus, slik at dei kunne utvide klosterkyrkja si.

### **Omfattande arrangement i heile Vestland**

I 1274 var sjøvegen og kontakten mellom storbyen Bergen og bygdene langs Vestlandskysten omfattande. Jubileumskomiteen ønskjer at jubileet skal markerast i heile Vestland. For fleire av stadene er koplinga til landslova tydeleg, som i Sunnfjord med jubileumsprogrammet «Ein gut, ei borg, ei rose, ei lilje»: historia om Audun Hugleiksson frå Ålhus i Jølster som var heilt sentral i arbeidet med landslova. Ved Agatunet i Hardanger blir det utstilling i Lagmannsstova - vårt eldste ivaretakne rettslokale - om korleis Landslova regulerte vanlege folk sitt liv.

Arrangementa i Vestland spenner vidt frå fagleg fordjuping gjennom to internasjonale forskarkonferanser der Moster 2024 og Mellomalderklynga ved UiB er arrangørar for kvar sin. Ei stor utstilling på Bryggens Museum med omfattande formidlingsprogram er tyngste satsing i programmet. Det vert tingsamlingar for unge på Moster og på Gulatinget der dei på Moster skal kome fram til fem saker som er viktige for ungdom i framtida og som skal overleverast Stortinget, og på Gulatinget skal dei ha demokrati og menneskerettar på dagsorden. I tillegg finn ulike kulturarrangement i by og bygd stad gjennom heile 2024. Til saman har 21 aktørar over heile Vestland fått to millionar kroner i støtte frå Vestland fylkeskommune til ulike arrangement og prosjekt som skal markere at landslova er 750 år. I tillegg vil alle bibliotek i fylket få tilbod om aktivitetar knytt til jubileet.

Jubileumskomiteen håpar på både kritiske skråblikk og samfunnsdebatt med utgangspunkt i Landslova. Aktuelle tema her er korleis demokrati og rettssamfunn kan utsetjast for trugslar og krig, men òg utviklast gjennom medborgarskap og inkludering.

Jubileet for Landslova blir markert både i hovudstaden og andre plassar i Noreg, men ut frå det vi er kjend med har Vestland det mest omfattande programmet –både i by og bygder. Skulle berre mangle, det var jo her lova vart til.

#### **Organisering:**

Jubileumskomiteen er leia av fylkesordførar Jon Askeland.

Medlemmer elles er:

Reidar Digranes, Byråd for kultur, frivillighet og inkludering i Bergen kommune

Margareth Hagen, rektor ved UiB

Gunnar Yttri, rektor ved HVL

Ragnhild Jepsen, biskop Bjørgvin bispedøme

Marianne L. Nielsen, Bymuseet i Bergen

Elsa Aanensen, dagleg leiar i Moster 2024

Nils Erling Yndesdal, kommunaldirektør Statsforvaltaren i Vestland.

Prosjektet er leia av Anna Elisa Tryti, prosjektdirektør Vestland fylkeskommune.

Jubileet i Vestland har ein eigen nettstad som òg blir lansert måndag. Nettstaden skal gje kunnskap om landslova gjennom både korte fakta og lengre fagartiklar samt oversikt over alle arrangementa i Vestland.

På pressemøtet i serverer vi noko å bite i, sjølvsagd inspirert av Landslova.

#### **Kontaktpersonar:**

Fylkesordførar Jon Askeland – 47 45 97 20

Anna Elisa Tryti, prosjektdirektør – 91 80 73 02

For praktiske spørsmål om pressemøtet:

Hilde Joranger Mæland,

kommunikasjonssjef Vestland fylkeskommune – 45 60 07 10